



**De trodde at Jesus var borte.
De trodde at Jesus var død.
Da kom han på stranden en morgen
som lyste rød.**

**Han stod midt iblant dem som alltid.
Et bål lyste opp med sin glød.
Han lot dem få fisker i garnet,
og gav dem brød.**

**Tro ikke at Jesus er borte.
Tro ikke at Jesus er død!
Han lever og gir oss å spise
av Livets brød.**


KYRKJEBLAD for NORDDAL

Nr 1 2021 52. årgang



Vi ynskjer alle ei velsigna påskehøgtid

Til dette vart Han fødd



Jesu død på krossen var ikkje berre ei grusom hending eller eit resultat av misunnning og maktmisbruk frå religiøse leiarar som var redde for å misse kontroll. Det var ikkje ei ulukke. Gud hadde bestemt at det skulle skje.

Fleire gonger i rettsprosessen mot Jesus sa Jesus klårt ifrå at det var for denne stunda Han var fødd og komen til jorda (Joh19,37).

Peter ville kjempe mot at Jesus vart arrestert, og han trakk sverdet og hugg øret av tenaren til ypperstepresten. Da ga Jesus ordre om at Peter måtte stikke sverdet i slira, for «eg må drikka den skåla som Faderen har gjeve meg.» (Joh 18,11).

Jesus sa fleire gonger på førehand at Han måtte dra til Jerusalem for å lide og dø. Han sa og ifrå om at han skulle stå opp att den tredje dagen òg. (Matt 16,21).

Så Jesus visste at dette var noko Han måtte gå gjennom. Det var Guds plan og vilje. Dette var noko Gud såg at Hans Son måtte gjere. Det visste Jesus.

Han visste òg at dette måtte skje i påska i året 33. Dette var ei tid som det var profetert om i Daniel 9. Så dagen var nøye planlagt av Gud sjølv. Jesus åt påskelammet saman med læresveinane og same natt vart Jesus dømt til å dø på krossen.

Døyparen Johannes seier om Jesus: «Se

der Guds Lam, som bærer verdsens synd.» Profeten Jesaja seier i kp 53 at Messias skulle førast bort som eit lam for å slaktas.

Jesaja seier også at Gud lot den straffa som låg på oss alle, ramma han då han vart ført bort for å slaktas.

Desse profetiane, og fleire til, kjende Jesus til, og Han visste at Han måtte til Jerusalem for å dø denne påska. Han visste at det måtte til for at menneska skulle ha håp om redning frå fortaping og evig død.

Oppståda frå dei døde forseгла sigeren over døden. Oppståda var på ein måte laurbærkransen og gullmedaljen som læresveinane kunne smykka seg med etter pinsedag. Det var oppstoda og det håpet som den gav, som gjorde at bodskapen om Jesus spredde seg som eld i tørt gras. Til slutt nådde det heilt nord til våre strender. Også hos oss gjorde Jesu død, og Hans kall til etterfølging inntrykk.

Sakte men sikkert vart også vikingane forandra frå all sin heidenske praksis med blodhevn, bloting og drap, til å ville gjere godt mot kvarandre.

Dette må vi halde fast på: Å legge vekt på å sette kjærleik framføre egoisme og hat og vinning. Det er det Jesus ber oss om: Som eg har elska dykk skal de elske kvarandre. Joh 15,12

MG

Gudstenester

Gudstenestene er ved Sokneprest Morten Gravdal, om ikkje anna er annonsert. Dåp og nattverd er som regel kvar gong

Søndag 28.03 - Palmesundag

Fjordheim i Tafjord kl 11:00

· Ofring til Rusomsorg Vest Nappane

Skjærtorsdag 1.april

Kl 17.00 Norddal kyrkje. Offer til Israelsmisj.

Kl 19.00 Sylte. Offer til Bibelskolen i Grimstad

1.Påskedag 4.april

Kl 11.00 Norddal kyrkje. Offer: Diakoniarb i kyrkjelyden

2.Påskedag 5.april

Kl 11.00 Sylte kyrkje. Offer: Misjonsprosjektet i Nepal

18. April. 3.sundag i påsketida

Kl 11.00 Norddal Kyrkje. Offer: den Indre Sjømannsmisjon

25. April. 4.sundag i påsketida

Kl 11.00: Sylte kyrkje: Offer: Amatheia

9. Mai. 6.sundag i påsketida

Kl 11.00: Norddal kyrkje. Offer til barne og ungdomsarbeid i kyrkjelyden

17.Mai. Måndag

Kl 12.00: Sylte kyrkje. Offer til lokalt pilegrimsarbeid

1. Pinsedag 23.Mai

Kl 11.00 Norddal kyrkje. Offer til Misjonsprosjektet i Nepal

2. Pinsedag 24.Mai

Kl 11.00 Sylte kyrkje. Offer til bønnesenteret i Nakuru, Kenya

30. Mai. Treeiningssundag

Kl 11.00 Sylte kyrkje. Offer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden

6. Juni. 2.sundag i treeinigheit.

Kl 11.00: Norddal Kyrkje. Offer til Institutt for Sjelesorg

20.Juni 4.sundag i treeinigheit

Kl 11.00: Sylte Kyrkje. Offer: Indremisjonsforbundet.

27.Juni 5. sundag i treeinigheit

Kl 11.00: Norddal Kyrkje. Offer: Kirkens bymisjon Møre

11. Juli 7.sundag i treeinigheit


Kl 11.00: Sylte Kyrkje: Offer: Det Norske Misjonsselsk

18.Juli 8. sundag i treeingheit

Kl 11.00 Norddal Kyrkje. Offer: Stefanusalliansen

1.august Olsok

Kl 13.00 Alstad. Offer: lokalt pilegrimsarbeid



Kyrkjeblad for Norddal

Utgjeve av Norddal sokneråd.

Redaksjon:

Grete Hoel, Morten Gravdal

Kasserar:

Norddal sokneråd,
6210 Valldal.

Bankgiro: 4020.30.03805

Bladet er finansiert med gaver og annonser

Norddal kyrkjekontor:

Tysdag – fredag: kl. 10.00 – 14.00

Tlf. 40 44 15 22

E-post: post.storfjorden@kyrkja.no

Adm. leiar:

Magne Eivind Glomnes, tlf. 40 44 15 28
MG768@kyrkja.no

Organist:

Carolín Eide, tlf. 93 82 04 96

Sokneprest:

Morten Gravdal Tlf: 90 16 27 59
MG989@kyrkja.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.:

Dan Høglund
Tlf. 91 35 03 47

Trusopplærarar:

Martin Kristoffersen

Tlf: 99 29 16 25

Laura Høyland

Tlf: 45 88 32 62

Heimeside:
Kyrkja.no/norddal



Slekters gang

Dåp

Dato	Navn	Stad
31.1	Joakim Alexander Camral Almstad	Sylte kyrkje
28.2	Live Bjørsvik	Sylte kyrkje

Gravferd

Dato	Navn	Stad
06.01.2021	Aslaug Smoge,	Sylte
23.03.2021	Gunnlaug Kristine Kleiva,	Norddal

Steve Jobs

Siste ord

Steve Jobs var grunnleggjar av og leiar for Apple. Han døde i 2011, berre 56 år gamal.

Han sa, då han låg på dødsleiet:

- I andres auge er nok livet mitt det ultimate eksempel på suksess. Men - bortsett frå jobben - har eg lite glede. Egentlig er rikdom berre eit faktum som jeg er blitt vant til.

- Rikdommen som jeg var så stolt av, har vorte utan meining framfor døden.

- Nå veit eg at når vi har nok til å greie oss med i livet, burde vi bruke kreftane våre på å jage etter ting som ikke har noko med pengar og eigedom å gjere, noko som er viktigere, kanskje vennskap, kanskje kunst.... Å berre jage etter rikdom vil berre gjere ein person til en forvridd skapning, slik som det eg er.

- Gud ga oss evnen til å kjenna kjærleik i alle menneske, ikkje dei illusjonane som din eigedom kan gje deg. Eigedelane mine kan jeg ikkje få med meg.

- Det einaste eg kan få med meg, er minna om sann kjærleik.

- Legg vekt på kjærleiken til familien din, ektefellen din, vennane dine.

Døden er er den Gylne Nøkkelen til Evighetens palass.

John Milton

NYTT FRÅ SOKNERÅDET

Ny grunnordning

Sokneråda har hatt oppe sak om ny grunnordning i gudstenestene. Organistane og prestane har gått igjennom og kome med forslag om felles ordning for gudstenestene i vårt område, men kvart sokneråd gjer sine lokale vedtak.



Det meste blir som før, men det er ulike ledd i gudsteneesta som no blir vurdert om skal endrast eller vere meir fleksible. Norddal sokneråd ynskjer å halde på gamle «Fader vår», og ein ynskjer variasjon i samlingsbøn og syndsvedkjenning.

Vi ynskjer å ha same ordinga i vårt samarbeidsområde, som er Fjord og Stranda kommunar. Både organistane og prestane i dette området har tenester i alle kyrkjene, og da er det fint å kunne ha ei felles gudsteneestordning.

Norddal er åleine om å behalde den gamle ordlyden i Fadervår. Soknepresten legg vekt på at dette er den versjonen som dei faste gudsteneestebukarar har lært utantil, og den nye ordlyden er ikkje ei forbetring, språkleg sett, i forhold til den gamle. Dei unge lærer heller ikkje Fadervår (eller Vårfar) utantil, og i gudsteneesta kan alle lese frå eit gudsteneeste-program.

Kyrkjelyden har høve til å kome med sine synspunkt i soknemøter etter gudsteneestene 18. og 25. april.

Årsrapport 2020

Innleiinga i årsrapporten lyder slik:

Dette året har ikkje vore som andre år, men har vore prega av ulike restriksjonar som følgje av Covid19. Det har vore gjennomført gudsteneester, og ulike trusopplærings-tiltak med begrensingar på antall som kan samlast frå mars og ut heile 2020. 10 veker på vårparten var heilt stengt for samlingar utanom gravferder, og for første gong i historien utan gudsteneester i påska. Det vart imidlertid spelt inn digitale gudsteneester frå alle kyrkjene i fellesrådsområdet i påska.

Du kan lese heile årsrapporten på heimesida. Denne vil også bli lagt fram for soknemøta 18. og 25. april.

Oppretting av gjevarteneste til trusopplæring

Storfjorden kyrkjelege fellesråd går inn for å opprette fast gjevarteneste i løpet av 2021, for at trusopplæringa og kyrkjelydsarbeidet kan ha ein solid og berekraftig økonomi. Fellesrådet oppmodar sokneråda til å bidra til å skaffe gjevartar og midlar til gjevartenesta.

Plass til rullestol og lysglobe i Norddal kyrkje

Det er som nemnt bevilga midlar for godkjent tilkomst for røyslehemma i Norddal kyrkje. Dette håpar vi å få gjort dette året. Når ein har tilkomst inn til kyrkja må det også vere betre plass til rullestolbrukarar inne. Soknerådet har sett på dette og har forslag om å ta bort dei to korte benkane heilt fremst ved preikestolen. Her vil det i tillegg kunne vere plass til ein lysglobe som også er planlagt å bestille i år.

Det er også ynskjeleg å få plass til rullestol lenger bak i kyrkja, men då krev dette at ein kan fjerne vegen framfor ei benkerad rett under galleriet på begge sider. Fellesrådet må søke om godkjenning frå biskopen/riksantikvaren for å få gjort desse endringane i kyrkja.

Konfirmasjonar i september

Koronasituasjonen gjer at vi også i år ser det tenleg å flytte konfirmasjonane frå mai til hausten.

Konfirmasjonen i Norddal vil bli laurdag den 4 september kl 11, og i Sylte den 11 september.



Konfirmantane i Sylte i mai –19.

I Sylte skal 15 ungdommar konfirmerast, og det vil i alle fall verte to gudstenester denne dagen. Om ikkje restriksjonane vert letta innan den tid, vil vi måtte ha tre eller fire gudstenester, slik som sist haust.

Vi kan ikkje anna enn håpe på, og be om, at situasjonen vert lettare på andre sida av sommaren.

Fast gjevar?

Vil du gi ei gåve til kyrkjelydsarbeidet eller kanskje gi ein fast sum pr. måned, kvartal eller år?

Ta kontakt med banken for avtale om fast overføring.

Kontonummer 4020.30.44919.

Du vil få skattefrådrag for gæver over kr. 500 i løpet av eit år når gjevar er registrert med namn.

Vår lære om frihet, likhet og brorskap kommer fra vår tro på at vi som mennesker er søsken - med Gud som alles Far.

Calvin Coolidge

Nytt kyrkjeblad frå hausten?

Kyrkjebladet for Norddal har vore «i live» sidan 1969, og dette er ein «æra» som det kan sjå ut som er slutt med det bladet du no held i handa. Sokneråda i Norddal, Stranda, Geiranger, Hellesylt og Stordal har vedteke at dei vil arbeide for å få til eit blad for heile samarbeidsområdet. Stordal har også hatt eit blad ei tid.

Vi har ikkje vedteke kva det nye bladet skal heite ennå, så forslag er velkomne. Det vil truleg kome to gonger i året, eit tidleg på hausten og eit tidlig på våren.

Martin Kristoffersen har god erfaring med å lage blad, og saman med John Kristian Hjelle i Stordal, og dagens redaksjon i Norddal, vil vi kunne lage eit blad med variert stoff, som også skal gje meir kunnskap om kyrkja si lære og historie, både lokalt og nasjonalt.

Målet er at innhaldet skal være slik at det angår menneskers liv og er relevant for folk i ei tavel tid. Dette skal vi søkje å gjere med ei utstrakt bruk av bilete og illustrasjonar. Vi har fleire dyktige fotografar i vår midte, så dei vil gjere oss nytte av.

Eit større kyrkjeblad med større opplag vil gjere at det vert meir attraktivt å ha annonser i bladet òg.



PÅSKE



Påska er høgtid nummer 2 i kyrkjeåret. I Bibelen finn vi skrive om påska i siste delen av evangelia.

Her høyrer vi om Jesus som kom ridande inn i Jerusalem. Klarer du



å fylle ut resten av påskefortellinga i rutene som kjem under her? Kanskje du treng hjelp til å lese om du ikkje har ein Barnebibel.

Jesus rir inn i byen ..											
Disiplen som forrødte Jesus											
Hage i påskefortellinga											
Gate som Jesus gjekk											
Jesus vaskar føtene til											
Jesus vart											
Grava vart tom 1.											
Dame som kom til grava											

	3	4			
	5				
			4		
2		3			
				1	5
			2	6	



JUNIORKVARTERET




Her kan du finne fram fargeblyantane dine.



KRYSSORD

Det mørkaste feltet skal bli eit ord, og det er berre vassrette linjer som skal fyllest ut

1. Når det regner bruker ein...
2. Lang fisk.
3. På beina om vinteren.
4. Påskedrikk.
5. Boks
6. Tøys
7. Fugl som synger om natta.
8. Sitje på hest.



2 GÅTER

1. Når du trenger det så kaster du det, når du ikke trenger det, tar du vare på det.

2. Det sammensatte svaret skal bli noko vi kan ete.

Du kan stikke deg på det.
Du kan drikke det.
Du kan kle deg med det.



Svar:
1. Anker
2. Syl-te-tøy

Eit amputert konfirmantår



Her tenner Tobias lysa på altaret under lysmessa før jul.

Det er ein fin gjeng med konfirmantar i Norddal kyrkjelyd i år (igjen). Men som alt anna har også konfirmasjonsundervisninga ikkje blitt heilt som planlagt i 2020/2021. Det har blitt mange endringar dette pga. covid-19. Undervisningsamlingane lokalt har gått sin vante gang, men dei planlagde treffa mellom konfirmantane i dei ulike bygdelaga i Fjord og Stranda, som til dømes leiren vart diverre avlyst

pga. omsyn til smittevern.

Undervisningsamlingane har gått føre seg på kvar side av fjorden. På nordsida har vi hatt undervisninga i Sylte kyrkje. Konfirmantane på sørsida har fått selskap av konfirmantane i Geiranger på samlingane i Eidsdal.

Årets konfirmantar er nysgjerrige, reflekterte og livlege ungdommar som stiller gode spørsmål kring trua og livet. Når kyrkjebladet går i trykken er dei i ferd med å førebu Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Som i år vert digital då dei ikkje kan gå frå dør til dør med bøssa pga. omsyn til smittevern. Sjølv om dei ikkje kan gå frå dør til dør er motivasjonen høg, «vi må slå summen dei fekk inn i fjor» blei sagt på førebuinga til aksjonen. Takk til konfirmantane for innsatsen i Fasteaksjonen, og takk til alle dykk som støtter opp om det viktige arbeidet Kirkens Nødhjelp utfører rundt om i verda.

Martin Kristoffersen

Visste du det?

- At obligatorisk konfirmasjon vart innført i Danmark/Norge i 1736.
- At prestane som skulle konfirmere, oppdaga at ein stor del av konfirmantane var analfabeter og at det var vanskeleg å lære dei noko.
- At prestane fekk kongen til å forstå at obligatorisk skulegang var heilt nødvendig.
- Obligatorisk skule vart innført i 1739.
- Den første tida var det omgangsskuler, der lærarane reiste rundt og hadde skule nokre veker på kvar plass.
- Dei første lærebøkene var Luthers katekisme, Bibelen og salmeboka.
- Den første konfirmantboka kom i 1750, og det var «Sannhet til Gudfryktighet» av Erik Pontoppidan.
- «Sannhet til Gudfryktighet» var ei bok

med 750 spørsmål og svar.

- På konfirmasjonsdagen sto konfirmantane i midtgangen i kyrkja, og presten stilte kvar konfirmant spørsmål fra Pontoppidan. Av dette har vi uttrykket: «stå til konfirmasjon».
- Den konfirmanten som ikkje kunne svare, måtte stå til konfirmasjon året etter.
- Du kunne ikkje få jobb hvis du ikkje var konfirmert. Difor vart det sagt at du vart vaksen når du var konfirmert.
- Og det var viktig «å kunne sin Pontoppidan.»
- Pontoppidan var i bruk i omkring 150 år.
- Universitetet i Oslo vart grunnlagt i 1812, og det første faget som vart undervist i der var teologi.
- Kyrkje og kristendom har spela ei sentral rolle i å bygge landet vårt.

Laura Høylund overtar etter Solfrid



Laura og Jakob Høylund

Solfrid Blindheim har slutta i jobben som trusopplærer for dei minste på Stranda. Laura Høylund er gift med Jakob, soknepresten på Stranda. Ho går inn i arbeidet som trusopplærer for born opp til konfirmasjonsalder både i Stranda og Norddal.

Hennar oppgaver vil verte å ha kontakt med skuler og barnehagar. Ho vil også vere med på familiegudstenester i våre kyrkjer på Sylte og i Norddal. I tida før påske har ho arrangere påskevandring i fleire av kyrkjene.

Laura er utdanna lærar i Danmark, og ho har arbeidd blant innvandrarar i heimlandet sitt, med særleg vekt på språkopplæring.

Hun har også arbeidd som frivillig i kyrka på heimstaden sin i nærleiken av Vejle på Jylland.

Vi som har blitt kjent med Laura og Jakob, opplever at de er et friskt pust inn i det kyrkjelege fellesskapet i Storfjord.

Andakt på «Heimen»

Ei av oppgåvene presten har, er å dra andeleg omsorg for dei eldre. Andaktar på «heimen» er ein del av dette, og det er ei oppgåve eg gjer med glede, seier soknepresten. Dei eldre har så mykje erfaring og mykje å fortelje. Og dei har humor!

Så kan dei si bibelsoge! Dei høyrer til den generasjonen som lærte bibelvers og salmevers utantil på skulen! Dei kan sitt Fadervår! Deres generasjon var den som bygde landet vårt opp etter krigen, og dei har lært seg nøysemd og at ikkje noko kjem gratis.

Så, når det er andakt, då er det kjent og kjærst stoff for dei.

Andaktane er viktige, for Guds ord er liv som gjer framtid og håp, seier Viola, som har budd på «heimen» i Eidsdal i 10 år. Borghild legger til: *Særleg nå, etter nesten eit år med nedstenging pga korona, er det godt å få besøk utanifrå.*

Dei er eingie om at ingen av dei vert yngre, og då er det viktig å spenne ein himmel over liva våre.

Torgeir har litt svekka hørsel, og med ei

kraftig stemme seier han at det er stas når presten kjem! *Dei ti boda har eg prøvd å leve etter,* seier han, *men eg veit ikkje om Gud fins. Men presten er ein bra kar,* seier han og ler.

Dei eldre er særleg ramma av nedstenging pga korona. Restriksjonane for besøk på «heimen», har gjort at det har vore lite besøk—også frå presten.

Men nå kan vi samlast, og det er vi glade for, - det er alle einige om.



Foto: Eivind Edvartsen

Salmesang, andakt, kaffe og en god prat er en god kombinasjon og avveksling i kvardagen på «heimen».

Olsok 2021

Vi planlegger å feire Olsok på same vis som sist år. Då hadde vi også restriksjonar pga korona. Vi vonar sjølv sagt at desse restriksjonane vert lettare til sommaren, og vi vil gjennomføre Olsok-gudsteneste slik som tidligare år sundag den 1. august. Vi gjennomfører pilegrimsvandring frå Rem som vanlig kl 11.30, med gudsteneste på Alstad kl 13.00. Pga korona hadde vi ikkje kyrkjekaffe på tradisjonelt vis i fjor. Folk hadde med seg kaffe og kaffemat til eige bruk, og folk måtte nyte godsakene i «korona-avstand» til kvarandre.

Slik vil vi gjere det i år også, og vi ber om og forventer at veret er slik vi også er vant til på Olsok: Opplett og fint utever.

Velkomen til å feire minnet om Olav, Norges «evige konge», - på den staden der han, ifølge Snorre, også har bedt bøner og hatt seg eit måltid mat. Det var for 992 år sidan!

Åpen bibelgruppe

Etter at Aslaug Smoge fell bort, har bønensamlingane på Sylte bedehus vore sær s sporadiske. Nå har vi starta med samling på bedehuset kvar onsdag kl 19, seier Jan Fredrik Øvrevoll. Vi har starta dette i 2021.

Vi kan ikkje kalle desse samlingane bønemøter, sjølv om vi også ber saman. Det er heller eit forum for samtale. Utgangspunkt for samtalan er at vi les eit kapittel i Bibelen først, og så tek ofte samtalen form alt etter kven som er der, og kva erfaringar den einkilde har i sine liv. Vi kjem ofte nær kvarandre på desse samlingane, sjølv om vi sit ved kvart vårt bord i god «korona-avstand». Det er ingen som har forberedt nokon tale, og samlingane er uhøgtidlege.

Somme tider er det nokon som tar med seg litt kaffe og litt å svelge ned kaffen med. Vi legg vekt på eit godt fellesskap med Guds Ord på bordet.

stranda blomster
blomster interiør
70 26 13 29

Blomster til alle anledninger

Vi leverer kranser og buketter til alle kirker og selskapslokaler i Storfjordområdet

Vi tilbyr både salg og utleie av vaser og dekorasjonsgjenstander

Ring oss eller kom innom vår butikk på Stranda

STRANDA BLOMSTER OG INTERIØR AS
Kirkegata 5 | 6200 Stranda | Telefon: 70 26 13 29
www.strandablomster.no/strandablomsteras@mimer.no

SVE
Gravferdsbyrå

Vi bistår ved gravferder

Innehaver: Per Arne Sve
Svegjerdet 31
6200 Stranda
Tlf: 92 22 21 40